



Eli Hovden Raknes
Vevleveggen 215
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2365 - 23/9693

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
02.05.2023

44/6 Vevle - Bruksendring av del av driftsbygning til barnehage og oppføring av leikehus/lavvo - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 114/23

Tiltakshavar: Tommy Lohne
Ansvarleg søkjar: Mjelde Bygg As
Tiltak: Bruksendring av del av driftsbygning til barnehage og oppføring av leikehus/lavvo
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Rådmannen sitt vedtak:

"Kommunen tek melding om endring av ansvarsrettar til orientering, jf. plan- og bygningslova § 23-3, 2. ledd, jf. § 21-4, 2. ledd.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av delar av 2. etasje i eksisterande driftsbygning til barnehagelokale og oppføring av leikehus/lavvo på gnr. 44 bnr. 6.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.02.2017 saknr. 038/17. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Kommunen har i e-post av 20.04.2023 med vedlegg motteke melding om endring av ansvarsrettar.

Det vert elles synt til søknad om ferdigattest motteken 20.04.2023.

Skildring

| | |
|-----------------|---|
| Adresse: | Gnr. 44 bnr. 6. |
| Bygningstiltak: | Bruksendring av del av driftsbygning til barnehage og oppføring av leikehus/lavvo |
| Bygningsnummer: | 175884955 og 300620645 |

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2365.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Brann-redning tilsyn

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------|----------------|------|------------------|
| Eli Hovden Raknes | Vevlevegen 215 | 5281 | VALESTRANDSFOSEN |
| Mjelde Bygg As | Mjelddalen 85 | 5286 | HAUS |
| Tommy Lohne | Lonaneset 28 | 5282 | LONEVÅG |